# SAKSPAPIR

| Saksnr | Utval | Type | Dato |
|---|---|---|---|
| 048/18 | Levekårsutvalet | PS | 16.10.2018 |
| 072/18 | Kommunestyret | PS | 01.11.2018 |

| Saksbehandlar | | ArkivsakID |
|---|---|---|
| Atle Vaage | | 18/2818 |

**Prioritering spelemidlar søknadsrunde 2019**

**Vedlegg :**
Status spelemidlar anlegg og nærmiljøLindås Idrettsråd uttale spillemidler 2018

## Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Lindås kommune prioriterer dei aktuelle søknadane om spelemidlar 2019 slik;

Ordinære anlegg (første søknadsår i parantes)

Rehabilitering Nordhordlandshallen fotballhall (2018)

Rehabilitering Nordhordlandshallen delanlegg friidrett (2018)

Knarvik Arena fleirbrukshall (2018)

Knarvik Arena Klatrehall (2018)

Nærmiljøanlegg (første søknadsår i parantes)

Seim barneskule - hinderløype (2019)

Seim barneskule - Zip Line (2019)

Kvamsvågen sanitæranlegg (2019)

Kvamsvågen gapahuk (2019)

Hilland baderampe (2019)

Knarvik nye barneskule - utandørs turnapparat (2018)

Knarvik nye barneskule - Street basket (2018)

Knarvik nye barneskule – Skatebane (2018)

Knarvik nye barneskule - Lysanlegg nordside (2018)

Knarvik nye barneskule - lysanlegg vestside (2018)

..............................

**<u>Levekårsutvalet - 048/18</u>**

**LE - behandling:**
Orientering til saka v/Atle Vaage-fagleiar Drift eigedom
Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**LE - vedtak:**
**Innstilling i Levekårsutvalet - 16.10.2018:**

Lindås kommune prioriterer dei aktuelle søknadane om spelemidlar 2019 slik;

Ordinære anlegg (første søknadsår i parantes)

Rehabilitering Nordhordlandshallen fotballhall (2018)

Rehabilitering Nordhordlandshallen delanlegg friidrett (2018)

Knarvik Arena fleirbrukshall (2018)

Knarvik Arena Klatrehall (2018)

Nærmiljøanlegg (første søknadsår i parantes)

Seim barneskule - hinderløype (2019)

Seim barneskule - Zip Line (2019)

Kvamsvågen sanitæranlegg (2019)

Kvamsvågen gapahuk (2019)

Hilland baderampe (2019)

Knarvik nye barneskule - utandørs turnapparat (2018)

Knarvik nye barneskule - Street basket (2018)

Knarvik nye barneskule – Skatebane (2018)

Knarvik nye barneskule - Lysanlegg nordside (2018)

Knarvik nye barneskule - lysanlegg vestside (2018)

**<u>Kommunestyret - 072/18</u>**

**KO - behandling:**
Innstillinga frå levekårsutvalet vart samrøystes vedteke.

**KO - vedtak:**
Lindås kommune prioriterer dei aktuelle søknadane om spelemidlar 2019 slik;

Ordinære anlegg (første søknadsår i parantes)

Rehabilitering Nordhordlandshallen fotballhall (2018)

Rehabilitering Nordhordlandshallen delanlegg friidrett (2018)

Knarvik Arena fleirbrukshall (2018)

Knarvik Arena Klatrehall (2018)

Nærmiljøanlegg (første søknadsår i parantes)

Seim barneskule - hinderløype (2019)

Seim barneskule - Zip Line (2019)

Kvamsvågen sanitæranlegg (2019)

Kvamsvågen gapahuk (2019)

Hilland baderampe (2019)

Knarvik nye barneskule - utandørs turnapparat (2018)

Knarvik nye barneskule - Street basket (2018)

Knarvik nye barneskule – Skatebane (2018)

Knarvik nye barneskule - Lysanlegg nordside (2018)

Knarvik nye barneskule - lysanlegg vestside (2018)

..............................

**Saksopplysningar:**

## Politisk handsaming

Saka skal til uttale i Lindås Idrettsråd

Saka skal til innstilling i Levekårsutvalet

Saka skal avgjerast i Kommunestyret

## Bakgrunn

Spelemidlar for anlegg til idrett og fysisk aktivitet er heimla i lov om pengespel. Midlane kjem frå overskot frå Norsk Tipping AS. For å kunna søkja spelemidlar, må det aktuelle anlegget vera med i kommunal plan for idrett og fysisk aktivitet. Kommunen skal vedta ønska prioritering mellom dei aktuelle søknadane. Fylkeskommunen står for endeleg tildeling utfrå ramme gitt av Kulturdepartementet. Godkjente søknadar som ikkje når opp på grunn av for

lite midlar i ordninga, kan fremmast på nytt kvart år.

Lindås fekk i 2018 tildelt dei resterande midlane for uteanlegga i Lindås Idrettspark og rehabilitering av friidrettsdekket i Knarvik, begge anlegg som vart ferdigstilt i 2015. Vidare fekk kommunen midlar for Storstova på Leiknes som vart ferdigstilt i 2017.

På nærmiljøanlegg fekk Lindås midlar for det siste delanlegget på Lindås Idrettspark, samt delutbetaling for tre av nærmiljøanlegga som er under bygging ved nye Knarvik barneskule.

Saka har vore til uttale hjå Lindås Idrettsråd som ikkje har merknadar til føreslått prioritering

## Vurdering

Lindås har dei siste åra prioritert søknadar frå idrettslag framfor kommunen sine eigne. For søknadsrunden 2019 ligg det ingen nye søknadar frå idrettslag, og det er såleis berre kommunen sjølv som er mottakar av spelemidlar.

Dei kommunale anlegga er føreslått prioritert etter dato for ferdigstilling.

For dei planlagde fleirbrukshallane i Alversund og på Ostereidet, er tomtespørsmålet enno ikkje avklart. Regelverket krev at ein anten eig tomta eller har juridisk bindande avtale på bruksrett, for å kunna søkja. Det kan difor ikkje søkjast spelemidlar for desse prosjekta for søknadsrunden 2019. Dette vil ikkje ha noko å seia for framdrifta i sjølve prosjekta.

..............................